




Viser på skjermen:	I timen:
<p>Gjer vi det alle andre gjer?</p> 	<p>Livet&Sånn timane i april handlar om nettet, og denne timen om «meg på nett». Vi skal starte med å sjå ein musikkvideo. AJR seier dette er ei protestlåt mot kravet om konformitet på sosiale media, altså at alle skal meine og gjere det som verkar sosialt akseptabelt: AJR - I Won't - YouTube</p>
<ul style="list-style-type: none"> • Korleis blir ungdom sine meiningar og handlingar påverka gjennom sosiale media? • Kva er bra med slik påverknad, og kva er ikkje så bra? 	<p>Etter videoen, la elevane få snakke litt med kvarandre: Korleis blir ungdom påverka til å meine og gjere ting gjennom sosiale media? Kva er bra med slik påverknad, og kva er ikkje så bra? Snakk saman i klassa også. Skriv gjerne ei liste over påverknad og om den er bra eller ikkje så bra for ungdom.</p>
<p>Kva er normativ konformitet?</p> 	<p>Kva er normativ konformitet? Sjå ein eller to av desse eksperimenta om konformitet: Asch's Conformity Experiment on Groupthink - YouTube Social Conformity - Brain Games - YouTube</p>
<p>normativ konformitet = vi vert påverka til å meine og gjere det som framstår sosialt akseptert</p>	<p>Normativ konformitet handlar altså om at vi blir påverka til å meine og gjere ting vi kanskje elles ikkje ville meint og gjort – fordi det framstår som det sosialt akseptabelt å meine og gjere.</p>
<p>Kva har normativ konformitet gjennom sosiale media ført til at folk no gjer (som aldri ville skjedd i 1970)?</p> <ul style="list-style-type: none"> • deler sinns bilete • viljerstykke/filmar av vakkardansarar • tek andres foto og postar det ut sine gjer • deler meiningar/innlegg med folk ein ikkje veit kven er • gjer uttrykk/kommentarar om andres foto/innlegg/tekst til ein andri • smørgrøt for å bruke verkelege stoff 	<p>Sosiale media har endra det som er sosialt akseptert i ungdomskulturen. Mykje var likt for ungdommar på 90- talet som det er no, men desse tinga her ville neppe blitt sosialt akseptert då. Men no er det mange som synes dette er greitt? Vi veit ikkje om dette ville skjedd utan sosiale media, men det er grunn til å tru at det har mykje av ansvaret for utviklinga.</p>
<p>Jobb i grupper og lag eit forslag til eksperiment på sosiale media der målet er å få ungdom i alderen 14-19 år til å hevde ei spesiell meining, eller gjere ei spesiell handling.</p>	<p>Eit sosialt eksperiment? Jobb i grupper på 3-4 (lærer set saman gruppene) og løys dette oppdraget: «Eit forskarteam på eit stort universitet skal forske på korleis sosiale media gjennom konformitet kan få ungdom til å meine og gjere noko dei elles ikkje ville meint eller gjort. De har fått oppdraget om å hjelpe dei å utforme eit eksperiment. Målet er å lage noko på TikTok, eller annan sosial plattform, som får ungdom i alderen 14-19 til å hevde ei spesiell meining, eller gjere ei spesiell handling. Gi råd om:</p>
<ul style="list-style-type: none"> • Kva ein kan forsøke å påverke ungdommar til å meine eller gjere gjennom eit eksperimentet? • Kven bør formidle budskapet først for å nå fram? • Kva verkemiddel kan ein ta i bruk for å påverke ungdommane? • Korleis kan ein oppdage/måle om eksperimentet lykkast? 	<ul style="list-style-type: none"> • Kva ein kan forsøke å påverke ungdomane til å meine eller gjere gjennom eksperimentet? • Kven bør formidle budskapet først for å nå fram? • Kva verkemiddel kan ein ta i bruk for å påverke ungdommane? • Korleis kan ein oppdage/måle om eksperimentet lykkast? <p>La elevane få jobbe litt med dette, og dele sine idear med klassa etter litt.</p> <p><i>Ved avrunding av oppgåva er det fint om de seier til elevane at slike eksperiment mest truleg ikkje ville vore lov å gjennomføre i Noreg. Det er svært strenge reglar for forskning på barn og unge, og sterke etiske prinsipp som ligg til grunn for at dette ikkje ville blitt godkjent. Målet med oppgåva er altså ikkje å forstå korleis forskarar jobbar, men å forstå kor stor makt ein kan ha på ungdom gjennom sosiale media.</i></p>

	<p>Eit lite avbrekk før de går vidare? Her er ei lita nakkeøving som kan vere hjelpsam når ein sit mykje med skjerm i kvardagen:</p>
<p>Folkeopplysningen – Psyk – NRK TV Sjå frå 07:50 – 12:57</p>	<p>Korleis påverkar sosiale media ungdom sin psykiske helse? Folkeopplysningen – Psyk – NRK TV handlar om ungdom og psykisk helse. Sjå frå 07:50 – 12:57 (der programmet går vidare til barneskoleelever som sitter på golvet). I denne delen handlar det om at ungdom opplever mykje press, og at sosiale media blir eit «forstørrelsesglas» på dette presset.</p>
<p>• Kor mykje eller lite tid trur de er bra for ungdom å bruke på sosiale media?</p>	<p>Etter å ha sett dette kan elevane godt få snakke litt med kvarandre om kor mykje/lite tid på sosiale media som dei trur ville vere bra for ungdom. Sjå gjerne råda til ungdom som kjem til slutt også frå 38:12.</p>